



Ola Martin Rongved
Stiaberget 149
5179 GODVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5799 - 14/19986

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.09.2014

Søknad om rammeløyve - tilbygg til fritidsbustad på gbnr 56/73 - retur av søknad.

Vi viser til søknad om rammeløyve for tilbygg til fritidsbustad på gbnr 56/73, mottatt 10.07.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Søknaden inneheldt for lite opplysningar til at han kan handsamast. Vi nemner her:

1. Tiltakshavar har ikkje signert søknaden og det ligg heller ikkje føre fullmakt for søkar.
2. Ola Martin Rongved har søkt om ansvarsrett som ansvarleg søkar. Godkjenning av ansvarsrett kan kun gjevast til føretak som er registert i føretaksregisteret. Det er ikkje oppgitt at søkar har eige føretak og vi kan heller ikkje sjå dette ut frå einingsregisteret.
3. Det ligg ikkje føre gjennomføringsplan.
4. Det er ikkje oppgitt tiltaksklasse for tiltaket.
5. Situasjonsplanen har ikkje tilfredsstillande kvalitet. Situasjonsplanen er m.a. ikkje målsett og avstand til nabogrense er ikkje vist. Fasade mot nord samsvarar ikkje med situasjonsplanen. Dersom tiltaket kjem nærare nabogrense enn 4 m må det leggjast fram løyve frå eigar av naboeigedom eller det må søkjast dispensasjon frå avstandsreglane i plan- og bygningslova § 29-4.
6. Teikningsmateriellet viser ikkje eksisterande og ny situasjon.
7. Det er ikkje oppgitt utnyttingsgrad for tiltaket.
8. Det er ikkje søkt om utsleppsløyve eller gjort greie for kva avlaupsanlegg som skal etablerast. Privat rett til å plassera avlaupsanlegg på naboeigedomen er heller ikkje dokumentert. Det kan ikkje godkjennast at det vert installert vassklosett før det ligg føre godkjend utsleppsløyve. Det må søkjast om utsleppsløyve på eige skjema.

Søknaden vert **arkivert utan vidare handsaming**. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn ny fullstendig søknad.



Vi gjer vidare merksam på at det er mogleg for tiltakshavar å søkja som sjølvbyggjar av eigen bustad eller fritidsbustad utan omsyn til krava til ansvarlege i kap 9, 10 og 11 i SAK10 når personen sannsynleggjer at arbeidet godkjenninga gjeld vil verta utført i samsvar med bestemmelsar gitt i eller med heimel i plan- og bygningslova.

Løyve til dispensasjon, gitt i Plan- og miljøutvalet 09.05.2012, gjeld i 3 år. Dersom søknad om byggjeløyve vert send inn etter at dispensasjonen er gått ut må det søkjast om ny dispensasjon.

Kommunen har ved gjennomgang av søknaden oppdaga at bygget er registert som einebustad i Matrikkelen, som er det sentrale eigedomsregisteret. I kommunen sitt arkiv finn vi at bygget er søkt oppført som hytte og i seinare søknader som er registrert på eigedomen er bygget oppgitt som hytte. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om bruksendring. Vi ber om tilbakemelding på rett status på bygget med eventuell dokumentasjon.

Dersom De treng ytterlegare rettleiing i saka kan de ta kontakt med byggjesaksvakta som er open tysdagar og torsdagar frå kl 09.00 – 1500. De kan ta kontakt per telefon eller ved personleg oppmøte.

For informasjon om kva opplysningar som er relevante for søknad om tillatelse til tiltak vert det vist til byggesaksforskrifta § 5-4 med rettleiar. Denne finn de på www.dibk.no.

Vi legg ved situasjonskart over eigedomen og søknadsskjema for søknad om utsleppsløyve.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

gbnr 56-73 situasjonskart
Soknadsskjema utslippstillatelse kap 12 NYNORSK

Kopi til:

Berit Hundvin Tveito og Audun Tveito	Kipleveien 17 C	5179	GODVIK
--------------------------------------	-----------------	------	--------

Mottakarar:

Ola Martin Rongved	Stiaberget 149	5179	GODVIK
--------------------	----------------	------	--------